



Medlemskap

❖ Livslangt medlemskap i Leveld Kunstnartun kostar 5000 kroner. Då får du også eit ferdig innramma trykk laga av Gunnveig Nerol. Du blir medlem ved å betale beløpet til kontonr. 2320.16.34555.

❖ Meir informasjon: www.kunstnartun.no



“Eg trur Leveld Kunstnartun vil få nasjonal betydning og kanskje også vekkje internasjonal interesse.

Jostein Gaarder, forfattar og medlem i Leveld Kunstnartun



Innhald og aktivitet

- ❖ Leveld Kunstnartun er ein arbeidsstad for kunstnarar og kulturarbeidarar, og ein arena for kulturformidling.
- ❖ Leveld Kunstnartun er tufta på Leveld si kulturhistorie, med kunstnarar som kom til bygda på 30-, 40- og 50-talet. Denne historia vil me ta vidare tilpassa vår tid.
- ❖ Kunstnarar og kulturarbeidarar kan søkje om stipendopphald frå 2-3 veker til 3 månader.
- ❖ Folk som får stipendopphald skal i løpet av perioden formidle noko av si verksemd (foredrag, opplesing, utstilling, konsert m.m.) lokalt i Hallingdal.
- ❖ Frå 1. september 2013 til ut juli 2014 vil åtte kunstnarar kome til kunstnartunet. Det er biletkunstnarar, tekstilkunstnarar, musikarar og komponist, frå Danmark, England og Norge.
- ❖ Sparebank 1 Hallingdal og E-CO Energi støttar stipendordninga.



Starten

- ❖ Leveld Kunstnartun vart stifta hausten 2011 som frivillig forening, og har i dag 150 medlemmer.
- ❖ Kunstnartunet har ein treårig driftsavtale med Ål kommune og Buskerud fylkeskommune 2013-2015.
- ❖ Det er gjennomført to store utstillingar: 2012: «Empty Stores on Empty Barns» med Knut Bry. 2013: Bjørneboe-sitat.



Utbygginga

- ❖ Fyrste byggetrinn er gjennomført. Det inneheld kjøp av eigedomar, flytting av Bjørneboe-loftet, full rehabilitering av lærarbustaden og bygging av atelier i skålen.
- ❖ Dette er finansiert av medlemmene, gåver (private, Sparebank 1 Hallingdal, PL Leveldtun, Signe Seim-bok), Pax Mater, Buskerud fylkeskommune, Norsk kulturminnefond og Lokale kulturbygg.
- ❖ Det er lagt ned ein dugnadsinnsats verdt ca. 650.000 kroner, inkludert stor innsats frå elevar ved Ål vidaregåande skole.

Neste byggetrinn:

1. Oppussing av Astrid-stugu (vinter 2013/2014).
2. Nybygg, arbeidsverkstad Låven (2014/2015).

